


ASK
ØY

KOMMUNE



Informasjon til elever og føresette om
**EIT TRYGT OG GODT
SKOLEMILJØ**
i Askøyskolen



Plan for eit trygt og godt skolemiljø

Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø. Etter endringa i Opplæringslova §9A om elevane sitt skolemiljø, utarbeidde Askøy kommune "Plan for eit trygt og godt skolemiljø i Askøyskolen". Planen er eit verktøy for alle tilsette i skolane, og er ein rettleiar for korleis skolen skal utvikle og ivareta eit trygt og godt skolemiljø.

Planen handlar om korleis skolen skal førebyggje, følgje med, avsløre og stoppe mobbing og krenkingar. Askøyskolen har ambisjonar om å gje alle elevar trygge og gode skolemiljø som stimulerer til læring og utvikling, og i det arbeidet er di stemme som elev, eller føresett viktig. Planen legg vekt på samarbeid mellom elevar, føresette og skolen for å lukkast med arbeidet.

«Plan for trygt og godt skolemiljø» blei godkjent av Utval for oppvekst i mai 2018.

Det utrygge barnet bruker all sin energi på å leite etter tryggleik, det trygge barnet bruker sin energi på å lære gjennom nysgjerrigheit.

Anne-Merete Mærli Hellebø
Skolesjef
Askøy kommune



Askøy KFU (kommunalt foreldreutvalg)

Vi i KFU har som primær oppgåve å vere eit bindeledd mellom alle FAU-leiarane i grunnskolane, Fagavdeling Skole og politikarane. Tett oppfølging av paragraf 9A er eit viktig område for oss i dette arbeidet.

Alle vi som har barn, eller som arbeider med barn, skal alltid gjere vårt beste for å sikre eit trygt og godt skolemiljø. KFU er alltid tilgjengeleg for alle som treng råd og hjelp i ein utfordrande situasjon eller ved spørsmål om rettar og plikter.

Christopher Donné
Leder Askøy KFU



Mål for Askøyskolen

«Askøyskolen skal ha eit positivt læringsmiljø som er fritt for mobbing og som bidrar til eleven si faglege og sosiale utvikling.»

Temaplan skole 2015 - 2019



Det er skolen som har hovudansvaret for at de elevar har eit trygt og godt skolemiljø.

Eit trygt og godt skolemiljø er avhengig av at alle samarbeider. Skolen, du som elev og føresette, må arbeide saman for å nå målet om eit oppvekstmiljø utan mobbing i Askøy.

I planen står det at du som elev skal:

- *Ta medansvar, delta og vere inkluderande*
- *Gjere ditt beste med skolearbeidet*
- *Gjere ditt for eit læringsmiljø der det er lov å vere god*
- *Gjere ditt for eit læringsmiljø der de respekterer at de er ulike*

Du som føresett skal:

- *Ha forventning til, vise interesse for og støtte eleven i læringsarbeidet*
- *Ha forventning til eleven sitt bidrag til eit godt læringsmiljø*
- *Bidra til utvikling av eit godt læringsmiljø gjennom å vere positiv til skolen, andre foreldre og elevar*

Førebygging

Viktige ting i det førebyggjande arbeidet er:

- god og tydeleg klasseleiing
- god relasjon mellom elev og lærar
- godt samarbeid mellom heim og skole
- god leiing og positiv skolekultur

Trivselsleiarprogrammet og MOT-programmet er gode førebyggjande tiltak.

Det er også god førebygging at skolen følgjer planen sin for trening i sosial kompetanse.

Skolemiljøutvalet, FAU og elevråd skal bli involverte i arbeidet med skolemiljøet.

Samarbeid heim - skole

Godt samarbeid og gode relasjonar mellom skole og heim legg til rette for gode læringsvilkår, og eit trygt og godt skolemiljø for deg som elev. Det er skolen som skal ta initiativ til, og legge til rette for samarbeidet. Det skal vere lett for deg som føresett og kontakte skolen ved behov, og oppleve å bli teken godt i mot.

Skolen har plikt til å gje dykk føresette informasjon om rettar og plikter etter kapittel 9A i Opplæringslova. Dette for å sikre at de får naudsynt informasjon til å vurdere om barnet dykkar sine rettar er oppfylte.

Alle føresette som har barn i skolen er medlemmer i skolen sitt foreldreråd. Foreldrerådet vel eit arbeidsutval (FAU) som er dei føresette si stemme i skolen.

Dei føresette sitt arbeidsutval (FAU) har ei viktig rolle i arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø både i klassen/gruppa og på skolen.

Tiltak, evaluering og oppfølging

Når du som elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, fordi du blir mobba eller krenka, skal skolen først undersøkje situasjonen din grundig. Så skal dei gjere noko som kan løyse problemet. Dette heiter å setje inn tiltak. Det er viktig at du får vere med å bestemme kva som skal gjerast.

Du og dei andre skal etter ei tid finne ut om det som er gjort verkar.

Du skal bli følgt opp etter at krenkinga har slutta. Oppfølginga kan skje i samarbeid med helse-sjukepleiar, PPT eller ein psykolog.

Retten til medverknad

Når du som elev blir mobba, krenka eller på annan måte ikkje har det trygt og godt på skolen, skal det gjerast noko med det. Det er di oppleving av situasjonen som skal bestemme kva som skal gjerast, ikkje korleis dei vaksne tolkar det.

I § 9-A står det blant anna: «Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.» Du skal delta i heile prosessen når tiltak skal planleggjast, gjennomførast, evaluerast og eventuelt justerast.



Klage på skolemiljøet

Når du som elev blir mobba, krenka eller på annan måte ikkje har det trygt og godt på skolen, skal det gjerast noko med det. Det er di oppleving av situasjonen som skal bestemme kva som skal gjerast, ikkje korleis dei vaksne tolkar det.

I § 9-A står det blant anna: «Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.» Du skal delta i heile prosessen når tiltak skal planleggjast, gjennomførast, evaluerast og eventuelt justerast.

Telefon og e-post til Fylkesmannen:

Sentralbord: 57 64 30 00

Postmottak: fmvlpost@fylkesmannen.no



Mobbeombodet

Mobbeombodet i Hordaland kan hjelpe deg og dine foreldre med råd. Mobbeombodet har teieplikt.

Du kan ta kontakt med mobbeombodet på mange måtar. Det er best å ta direkte kontakt på telefon sidan det ikkje er så lurt å sende sensitiv informasjon på e-post, eller på sosiale media.

Kontaktinfo til Mobbeombodet:

SMS/mobil: 404 01 557

E-post: mobbeombod@hfk.no

[facebook.com/mobbeombodet](https://www.facebook.com/mobbeombodet)

Snapchat: mobbeombod

